



## Mongolia: Namn og namnestrukturar

- Korleis er mongolske namn bygd opp?
- Korleis vert mongolske namn transkribert til latinske bokstavar, og korleis vert dette gjort i ID-dokument?

### Bakgrunn

Tradisjonelt var dei fleste mongolar nomadiske gjetarar. Dei budde i telt som dei flytta med seg når dei følgde husdyra sine over dei enorme grasslettene.

Mongolane var organiserte i klanar som hadde namn etter mannlege forfedrar (Britannica 2019). Namnet på klanen hadde same funksjon som eit familienamn på den måten at det synte korleis folk var ordna i ulike slekter (Magnier 2004).

I 1921 tok eit kommunistisk regime makta i Mongolia. Klanane vart formelt «avskaffa», og i løpet av nokre år vart det forbode å nytte klansnamna eller andre familienamn som kunne minne om klassestrukturane og aristokratiet som regimet meinte låg nedfelt i klansystemet. Dermed vart alle mongolske borgarar utan familienamn, og denne situasjonen vara ved i meir enn 80 år. I staden nytta mongolane patronym når det var naudsynt for å skilje to personar med same personnamn frå kvarandre. Meir om dette nedanfor.

I 1990 byrja ein omfattande demokratiseringsprosess i landet. Med aukande urbanisering og modernisering vart behovet for familienamn klarare, og i 1997 kom eit påbod om at alle måtte ha eit familienamn<sup>1</sup>. Påbodet vart i visst mon ignorert fram til 2004, då eit nytt ID-kort vart innført og ein måtte ha eit familienamn for å få utferda kort. Det var opp til kvar og ein å sjølv velje familienamn, og alle i same familie trong ikkje ha same namn. Foreldre og barn kunne dermed ende med ulike familienamn om dei ikkje vart einige eller konfererte om namnet på førehand. På kort tid hadde kring 90 prosent av Mongolia si befolkning vald seg eit familienamn (Magnier 2004; York 2004).

---

<sup>1</sup> Vi vel å nytte «familienamn» framfor «etternamn», sidan familienamnet oftast vert sett først.

## Val av familienamn

Mange valde det gamle klansnamnet sitt til familienamn. Andre la vekt på at dei ville ha eit ærerikt familienamn. Det hadde den uheldige konsekvensen at svært mange, faktisk over halvparten, valde namnet Borjigin (stavast òg Borjigon), namnet på klanen som Djengis Khan høyrde til (McVeigh 2004).

Elles var det mange som valde seg eit familienamn basert på staden dei kom frå, eller ein innsjø eller eit fjell i nærleiken. Atter andre tok namn basert på kallenamn som hadde vore brukt om familien deira oppgjennom. Ikkje alle fekk like flatterande namn på den måten; blant registrerte namn finn vi både «Tjuv» og «Familien med sju fyllikar», ifølgje direktøren for Mongolia sitt sentralbibliotek som har skrive ei bok om mongolske familienamn (Magnier 2004; York 2004).

## Familienamn lite brukt

For dei fleste hadde det nyvalde familienamnet inga historie eller personleg tyding. I tillegg vart altså svært mange heitande det same, Borjigin. Mellom anna derfor vart ikkje familienamna tekne i dagleg bruk. Familienamnet vert så å seie berre nytta i kontakt med styresmaktene og i offisielle dokument. Mange har òg endra det ein eller fleire gongar (Magnier 2004; Sanders 2010). Ein person som Washington Post snakka med i 2004, sa at han ikkje eingong kunne hugse familienamnet sitt, og det er vanleg å ikkje kjenne familienamnet til vener og andre nærstående personar (York 2004). Sjølv Mongolia sin første romfarar, som valde seg det mongolske ordet for «kosmos», Sansar, til familienamn, har ikkje teke namnet i bruk. Det figurerte ikkje på visittkortet hans som journalisten i *The Globe and Mail* fekk i 2004 (York 2004), og i dagens artikkel på Wikipedia (2021) er han berre omtala som Jügderdemidiin Gürragchaa, altså med patronym og personnamn. Det same gjeld dei fleste mongolar.

## Strukturen i mongolske namn

At det sjølvvalde familienamnet ikkje heilt har festa seg, skuldast mellom anna at mongolane òg nyttar patronym – altså at eit barn får far (eller i nokre få tilfelle mor) sitt namn i tillegg til personnamnet (Sanders 2003, s. 241-2). I praksis er det patronymet som fungerer som «familienamn» i Mongolia i dag, sjølv om det jo er eit namn som skifter frå generasjon til generasjon og som ikkje er delt mellom andre enn sysken med same far.

Eit patronym kan skrivast i umarkert nominativform, men vil ofte stå i genitiv med ei ending på -iin (-ийн) eller -yn (-ын). Til dømes heiter Mongolia sin noverande president Ukhnaagiin Khürelsükh. Patronymet står først i genitivsform, deretter kjem personnamnet. Han kan òg verte omtala som Khürelsükh Ukhnaa,

altså med far sitt namn i etterstilt nominativ. Uansett vil tiltaleformen være President Khürelsükh, sidan dét er personnamnet hans – Ukhnaa(-gin) er namnet til far hans.

Rekkefølgeprinsippet for mongolske namn, er patronym først, deretter personnamn. Om familienamnet takast med, vert det sett først (Sanders 2013, s. 175).

Under ser vi ID-sida i eit diplomatpass. I mongolske pass står patronymet, her Mungunshagai, oppført som «surname» (эцэг нэр). Personnamnet, Erkhsaran, står som «given name» (нэр), og denne personen har, i likskap med mange andre mongolar, Djengis Khan sitt klannamn, Borjigon, som «family name» (овог). Det same systemet er nytta på mongolske ID-kort.



(Kjelde: discs.nl)

## Moglege kjelder til forvirring

Når mongolske namn skal transkriberast til latinske bokstavar og dei ulike delane av namnet skal inn i ulike rubrikkar, kan det oppstå misforståingar.

Éi kjelde til misforståing er den ovanfornemnde bruken av «surname» og «family name» i mongolske ID-dokument som pass og ID-kort. I desse dokumenta vert patronymet (эцэг нэр) omsett med «surname» og familie-/klannamnet (овог) med «family name». «Ovog» (овог) tyder eigentleg «klan», men i perioden der mongolane ikkje nytta familienamn (ca. 1924–2000), vart «ovog» gjerne brukt om *patronymet*, mens det no altså vert nytta om familienamnet. Dette har gjeve opphav til ein del feilregistrering.

For personar som ikkje er godt kjende med mongolsk språk og kultur, kan det i mange samanhengar vere vanskeleg å vite kva som er patronym og kva som er

familienamn, særleg om patronymet ikkje står i genitiv og kan kjennast att på endinga (-iin eller -yn).

Nokre stadar er dette forsøkt gjort tydelegare ved å skrive personnamnet i feite typar. På nettsidene til State Great Hural (u.å.) står til dømes formannen førd opp som «GOMBOJAV ZANDANSHATAR». Personnamnet hans – og det han skal omtalast som – er altså Zandanshatar, medan Gombojav er far hans sitt namn.

Sjølv om rekkefølgja normalt er patronym først, personnamn sist, kan det oppstå forvirring når mongolske namn skal registrerast i utanlandske system om patronym og personnamn vert bytta om.

Avhengig av om ein vel å nytte familienamn eller patronym, kan ein og same person refererast til på ulike måtar. Til dømes siterer Pomfret (2000) ein Serjee Zhambaldorjiin, medan York (2004) har intervjuet ein Serjee Besud. Det syner seg likevel at det dreier seg om same person, nemleg direktøren av Mongolia sitt nasjonalbibliotek. Pomfret har omtala han ved bruk av patronymet, medan York har nytta familienamnet. Dette kan vere ei kjelde til forvirring, kanskje særleg hjå utanlandske medium og styresmakter.

Sanders (2013, s. 174-5) skriv at forvirringa kring personnamn og patronym til og med førekjem i *mongolske* engelskspråkelege publikasjonar, mellom anna fordi det på engelsk er vanleg å setje personnamnet som første namn.

Søsken deler elles ofte delar av personnamna, slik at to søsken kan ha personnamn som til dømes Altanshagai (Golden Ankle) og Mungunshagai (Silver Ankle).

## Omskriving av kyrillisk til latinske bokstavar

Mongolia har sidan 1940-talet nytta det kyrilliske alfabetet (Anxtuya 2020).

Det finst fleire system for omskriving frå kyrilliske til latinske bokstavar. Ingen av dei er gjort til offisiell standard for transkripsjon frå mongolsk. Internasjonalt vert gjerne eit britisk-amerikansk system kalla PCGN/BGN brukt. Mongolia har utvikla ein transkripsjonsstandard for mongolsk kyrillisk som vert kalla MNS 5217:2012<sup>2</sup>. Denne er utvikla av det mongolske standardiseringsrådet og vert nytta i mange offisielle samanhengar i Mongolia. Vidare finst det enno eitt system som Mongolia sin General Authority for State Registration (GASR) nyttar for personnamn, til dømes i ID-dokument (Bumochir 2020, s. vii).

---

<sup>2</sup> Første versjon heitte MNS 5217:2002.

Det kan vere store skilnader mellom transkripsjonssystema, men standarden som GASR nyttar, skil seg, ifølgje Bumochir, ikkje radikalt frå MSN 5217:2012.

To bokstavar i det mongolske kyrilliske alfabetet er særleine for Mongolia: ө og ү. I tillegg har både mongolsk og andre variantar av kyrillisk ein y. Med MSN 5217:2012-systemet vert desse høvesvis omskrive som som ö, ü og u. Med GASR-standard, derimot, vert alle tre bokstavane omskrive til u. Til dømes vert det mongolske namnet МӨНХ skriva «Mönkh» med MNS 5217:2012, mens det skrivast «Munkh» med GASR-standard (Bumochir 2020, s vii).

I tillegg er det nokre kjende namn som har ei innarbeidd form som framleis vert nytta sjølv om det valde omskrivingssystemet skulle tilseie ei anna form. Eit døme er Буриад som ville gjeve «Buriad» med MNS-standard, men som likevel oftast vert skriva Buryat, i alle fall i engelskspråklege samanhengar (Bumochir 2020, s. vii). Til og med namnet på klanen til Djengis Khan – Боржигин – vert omskriva på to forskjellige måtar: Borjigin og Borjigon.

## **Komande retur til det mongolske alfabetet?**

Frå gamalt av vart det mongolske språket skriva med eit eige alfabet kalla hudum (også qudum eller *uigarjin*). Hudum var utvikla på grunnlag av det gamle uigurske alfabetet og vart skriva vertikalt. Det mongolske alfabetet er eit såkalla «ekte alfabet», det vil seie at det er eigne teikn for både vokalar og konsonantar. Dette alfabetet vert framleis nytta i den kinesiske regionen Indre Mongolia.

Mongolske styresmakter har annonsert planar om at landet skal gjeninnføre det gamle, vertikale hudum-alfabetet frå og med 2025 (Anxtuya 2020). Det mongolske alfabetet skal imidlertid nyttast parallelt med, ikkje erstatte, det kyrilliske. Dei to skriftsystema vil i hovudsak verte nytta i offisielle skriv og dokument (Xinhua 2020).

Skulane har byrja å undervise i det tradisjonelle skriftspråket, og det er visse krav til media om å publisere på begge skriftspråk. Somme har vore bekymra for at hudum-alfabetet ikkje er eigna for bruk i ein moderne, digital kvardag, men det er bestemd at styresmaktene må leggje til rette for at det mongolske alfabetet òg kan nyttast i «the electronic environment». Det skal utviklast eit system for registrering av borgarane sine namn også i mongolsk skrift i offentlege register (Anxtuya 2020).

## Om Landinfos responsar

Eininga for landinformasjon i utlendingsforvaltninga (Landinfo) skal som fagleg uavhengig eining hente inn og analysere informasjon om samfunnstilhøve og menneskerettar i land som Utlendingsdirektoratet (UDI), Utlendingsnemnda (UNE) og Justis-og beredskapsdepartementet kan trenge kunnskap om.

Landinfos responsar er baserte på opplysningar frå nøye utvalde kjelder. Opplysningane er handsama i samsvar med [anerkjente kvalitetskriterier for landinformasjon](#) og [Landinfos retningslinjer for kilde- og informasjonsanalyse](#).

Responsar frå Landinfo er svar på konkrete spørsmål som Landinfo har fått frå saksbehandlarar i utlendingsforvaltninga. Slike responsar er ikkje meint å vere utfyllande utgreiingar av eit tema. Responsar er utarbeidde med knappe fristar, og kjeldetilfanget er ikkje alltid like breitt som i temanotata våre.

Landinfo er ei fagleg uavhengig eining, og informasjonen som vert presentert, kan ikkje takast til inntekt for eit bestemt syn på korleis utlendingsforvaltninga bør handsame søknader. Landinfos responsar er heller ikkje uttrykk for det synet norske styresmakter har på tilhøva og landa som responsane handlar om.

## Referanser

### Skriftlege kjelder

Anx TUYA, B. (2020, 20. mars). Mongolia to restore traditional alphabet by 2025. *News.mn*. Tilgjengeleg frå <https://news.mn/en/791396/> [lasta ned 23. november 2021]

Britannica (2019, 5. august). Mongol. *Encyclopedia Britannica*. Tilgjengeleg frå <https://www.britannica.com/topic/Mongol> [lasta ned 15. desember 2021]

Bumochir, Dulam (2020). *The State, Popular Mobilisation and Gold Mining in Mongolia*. London: UCL Press

Discs, dvs. Document Information System Civil Status (u.å.). *Mongolia. Travel Documents. Diplomatic passport*. Zvalle: Immigratie- en Naturalisatienstiedinst (IND). Dette er en nederlandsk dokumentdatabase. Den er ikke offentlig tilgjengelig, men Landinfo har tilgang via Nasjonalt ID-senter.

Magnier, Mark (2004, 28. november). In Modern World, Mongolians Conclude, One Name Is Not Enough. *Washington Post*. Tilgjengeleg frå <https://www.washingtonpost.com/archive/politics/2004/11/28/in-modern-world-mongolians-conclude-one-name-is-not-enough/3686b8ef-c2c3-4148-a64a-a57897eae74/> [lasta ned 13. desember 2021]

McVeigh, T. (2004, 24. oktober). Genghis Khan's hordes conquer the phone book. *The Guardian*. Tilgjengeleg frå <https://www.theguardian.com/world/2004/oct/24/tracymcveigh.theobserver> [lasta ned 15. desember 2021]

Sanders, Alan (2003). *Historical Dictionary of Mongolia*. Lanham: The Scarecrow Press.

Sanders, Alan (2010). *Historical Dictionary of Mongolia*. Lanham: The Scarecrow Press. Third Edition.

Sanders, A. (2013). Mongolian Transliteration: From a Latin Alphabet to Romanisation of Cyrillic. *Inner Asia*. Vol 15, Nr 1, s. 165-175. Tilgjengeleg frå <https://www.jstor.org/stable/23615086> [lasta ned 21. desember 2021]

State Great Hural (u.å.). *Members*. Ulaanbaatar: State Great Hural. Tilgjengeleg frå <http://parliament.mn/en/cv?tid=2&aid=11> [lasta ned 13. desember 2021]

Wikipedia (2021, 21. november). Жүгдэрдэмидийн Гүүрагчаа. *Wikipedia*. Tilgjengeleg frå [https://mn.wikipedia.org/wiki/Жүгдэрдэмидийн\\_Гүүрагчаа](https://mn.wikipedia.org/wiki/Жүгдэрдэмидийн_Гүүрагчаа) [lasta ned 15. desember 2021]

York, G. (2004, 12. juni). Mongolians seek to make a name for themselves. *The Globe and Mail*. Tilgjengelig fra <https://www.theglobeandmail.com/news/world/mongolians-seek-to-make-a-name-for-themselves/article18266552/> [lasta ned 15. desember 2021]

Xinhua (2020, 19. mars). Mongolia to promote usage of traditional script. *China.org.cn*. Tilgjengeleg frå [http://www.china.org.cn/arts/2020-03/19/content\\_75834583.htm](http://www.china.org.cn/arts/2020-03/19/content_75834583.htm) [lasta ned 30. desember 2021]

**© Landinfo 2022**

Materialet i denne publikasjonen er omfatta av åndsverklova. Utan særskild avtale med Landinfo er eksemplarframstilling og tilgjengeleggjering berre tillate når det er heimla i lov.